



Arkivnr: 2014/11640-5

Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad, Per Morten Ekerhovd

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2014

Verdiskapingsprogrammet til Riksantikvaren 2014. Tildeling av fondsmidlar til verdiskapingsprosjektet Den kulturelle fjorden

Samandrag

Fylkesutvalet gjorde i sak 118/06 vedtak om at Hordaland skulle delta i Miljøverndepartementet og Riksantikvaren sitt program for kulturminnevern og verdiskaping: «*Fylkesutvalet fremjar søknad til Riksantikvaren om at delar av Hordalandskysten med Fjell, Sund og Øygarden vert valt ut som satsingsområde for Hordaland sitt pilotprosjekt til Verdiskapingsprogrammet for kulturminne og kulturmiljø...Fylkesutvalet rår vidare til at det vert sett av kr 300.000 til oppfølging av nokre av dei resterande prosjekta*». Det meste av midlane til resterande prosjekt, vart ikkje nytta og sett på bunde driftsfond, øyremerk kulturminnevern og verdiskaping. Fondet er på kr 299.000. Saka gjeld fordeling av midlane til eitt pågående prosjekt, Den kulturelle fjorden.

Forslag til vedtak

1. Kultur– og ressursvalet fordeler midlar frå bunde driftsfond øyremerk kulturminnevern og verdiskaping til følgjande tiltak:

Den kulturelle fjorden: kr 200.000,-

2. Dei resteranda 99.000 på fondet vert avsett til buffer for verdiskapingsprosjekta.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Bård Sandal
Settefylkesdirektør for kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 15.04.2014

Satsing på kulturminnevern og verdiskaping 2006-2010

Kulturminne og kulturmiljø er i aukande grad sett som ressursar for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. Med grunnlag i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* sette Miljøverndepartementet og Riksantikvaren i verk ei nasjonal programsatsing i 2006. Programmet hadde mellom anna følgjande målsettingar, jf Riksantikvaren:

1. *Bidra til at kulturminner og kulturmiljøer blir tatt i bruk i utviklingen av lokalsamfunn og næringsliv.*
2. *Utvikle modeller for samarbeid mellom eiere, rettighetshavere, næringslivet, offentlige aktører, museer og frivillige organisasjoner*
3. *Spre kunnskap om hvordan en bærekraftig bruk av kulturminner og kulturmiljøer fremmer næringsutvikling og styrker lokalsamfunn og regioner*
4. *Klargjøre hvilke forutsetninger som må være til stede, og avdekke eventuelle flaskehalsar som må fjernes, for å fremme verdiskaping.»*

I 2006 vart 12 pilotprosjekter valde ut etter ein nasjonal prosess der fylkeskommunane var ansvarlege for mobilisering av kommunar, organisasjonsliv, musè og frivillege. Det kom inn mange aktuelle prosjekt til handsaming i fylkeskommunen. Fylkesutvalet gjorde vedtak i sak 118/06 om at Hordaland skulle søkje deltaking i programmet for kulturminnevern og verdiskaping med eitt prosjekt:

«Fylkesutvalet fremjar søknad til Riksantikvaren om at delar av Hordalandskysten med Fjell, Sund og Øygarden vert valt ut som satsingsområde for Hordaland sitt pilotprosjekt til Verdiskapingsprogrammet for kulturminne og kulturmiljø...Fylkesutvalet rår vidare til at det vert sett av kr 300.000 til oppfølging av nokre av dei resterande prosjekta.»

I handsaminga av søkerane valde Riksantikvaren at samarbeidsprosjektet mellom Norsk vasskraft- og industristadmuseum og Odda kommune, *Oddaproessen*, også skulle vere del av det nasjonale pilotprogrammet. 2 av dei 12 pilotprosjekta var dermed i Hordaland: *Oddaproessen* og *Perler i Nordsjøløypa*. Prosjekta vart avslutta i 2010. Det ligg føre utfyllande informasjon, rapportering og forsking frå pilotprosjekta, sjå www.riksantikvaren.no

I prosjektperioden 2006-2010 vart føresetnaden om statleg, fylkeskommunal og kommunal medverknad i verdiskapingsprosjekta komme i møte gjennom eigne løyingar i fylkesutvalet, td fordeling av konsesjonskraftmidlar. Hordaland fylkeskommune vart dermed ein monaleg bidragsytar til dei to pilotprosjekta. Det meste av midlane til dei øvrige prosjekta vart likevel ikkje nytta. Desse prosjekta fekk ikkje statleg medfinansiering, og vart heller ikkje sett i gong. Midlane vart ført over til bunde driftsfond, øyremerk Verdiskapingsprogrammet. Fondet er på kr 299.000,- Saka gjeld fordeling av desse midlane.

Vidareføring av arbeid med kulturminnevern og verdiskaping i Hordaland frå 2012

Erfaringane frå pilotprosjekta i 2006-2010 gjorde at det vart løvd midlar på statsbudsjettet frå og med 2012 til fase 2 av det nasjonale programmet for kulturminnevern og verdiskaping. På grunnlag av erfaringane frå pilotprosjekta var det sett som ein føremon at verdiskaping på kulturminnefeltet vart kopla saman med anna regionalt utviklingsarbeid. Fylkeskommunane fekk dermed ei sentral rolle.

Deltaking i det vidareførte programmet har vilkår om økonomisk og fagleg medverknad frå regionale styresmakter. I Hordaland har kulturminnevern og verdiskaping ikkje vore etablert som eiga ordning eller budsjettpost i fylkeskommunen, og ikkje gjeve grunnlag for eigne søkerprosessar eller mobilisering av nye prosjekt i fylket. Fylkeskommunen sitt samla verkemiddelapparatet har likevel bidrige til å støtte mange slike tiltak. Frå 2012 har difor administrasjonen fremja ei rekke prosjekt og tiltak som er støtta gjennom fylkeskommunale tilskotsordningar. Jf. brev frå Hordaland fylkeskommune til Riksantikvaren 4. februar 2013: «*Dei prosjekta Hordaland fylkeskommune vel å legge fram med vurdering til Riksantikvaren, er prosjekt som har vore handsama og fått tilsegn gjennom Regionalt Utviklingsprogram (RUP), Kulturelt Utviklingsprogram (KUP) og som har fått kommunale tilsegn. Alle prosjekta er difor kvalitetssikra og forankra i høve til desse ordningane.»*

I 2012 vart ingen av dei prosjekta som vart meldt inn frå Hordaland funne aktuelle som deltarar i det statlege programmet. Men, i brev dagsett 12.11.2012 inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane og Sametinget på ny til å søkje om statleg støtte til verdiskapingsprosjekt. I brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 4.2.2013, vart følgjande prosjekt lagt fram til vurdering:

1. **Reisemål i industriens vugge** (RUP-støtta, prosjektleiar Stongfjorden Vekst)
2. **Den kulturelle fjorden** (RUP-støtta, prosjektleiar Hardanger og Voss museum)
3. **Bergen nasjonale veteranskipshamn** (KUP- støtta, prosjektleiar Bergen kommune)
4. **Kystpilegrimsleia** (støtta frå Kultur og ressursutvalet sin rådveldekonto. Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylkeskommunar og Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros bispedømme er partnarar. Sogn og Fjordane fylkeskommune er prosjektleiar.)

Dei to første Hordalandsprosjekta, *Reisemål i industriens vugge* og *Den kulturelle fjorden*, svarte til vilkåra i ordninga og fekk statleg løyving frå Riksantikvaren i 2013. Det same fekk *Kystpilegrimsleia*. Aktivitet i alle prosjekta vart sett i gong i løpet av året.

Kulturminnevern og verdiskaping i 2014

I brev frå Riksantikvaren dagsett 6.12.2013, vart det igjen lyst ut statsmidlar for vidareføring av verdiskapingsprogrammet i 2014, med høve om å søkje støtte til vidareføring av oppstarta prosjekt. I brev dagsett 10.02.2014 gjorde Hordaland fylkeskommune same utval og prioritering av prosjekt som i 2013. Jf vedlagte tillagsbrev frå Riksantikvaren har direktoratet vedteke følgjande fordeling av statlege midlar i 2014:

- | | |
|--------------------------------------|--------------|
| 1. Reisemål i industriens vugge | kr 465.000,- |
| 2. Den kulturelle fjorden | kr 150.000,- |
| 3. Bergen Nasjonale Veteranskipshavn | avslag |
| 4. Kystpilegrimsleia | kr 350.000,- |

Framlegg til fordeling av fondsmidlar for 2014

Det er heller ikkje i 2014 øyremerkte midlar på fylkeskommunen sitt budsjett til verdiskapingstiltak på kulturminneområdet. For å kunne møte vilkåret om regional medverknad til pågående prosjekt, er det difor søkt om stønad frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (Reisemål i industriens vugge og Den kulturelle fjorden). For Pilegrimleia er løyving frå 2013 overført til 2014.

Prosjekta Reisemål i industriens vugge og Kystpilegrimsleden er fullfinansierte for 2014. Dette er ikkje stoda for prosjektet Den kulturelle fjorden. For å fortsetje gjennomføringa av prosjektet Den kulturelle fjorden, vert det lagt opp til fordeling av ubrukte fondsmidlar som øyremerkt verdiskapingsprogrammet i 2006, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 118/06.

Administrasjonen legg til grunn at tildelinga berre kan gjelde prosjekt som er deltarar i det nasjonale programmet for kulturminnevern og verdiskaping. På grunn av avslag på statleg stønad fyller dermed Bergen Nasjonale Veteranskipshamn ikkje vilkåra for tildeling. Prosjektet har tidlegare motteke monaleg løyving frå Kulturelt utviklingsprogram (KUP) på 600.000,-.

Prosjektskildring:

Den kulturelle fjorden

Prosjekteigar: Hardanger og Voss Museum

Prosjektleiing: Hardanger og Voss Museum

Partnarskap: Norsk Vassdrags- og Industristadmuseum, Reisemål Hardangerfjord, Fjord Norge, NCE Tourism

Om prosjektet

Prosjektet skal utvikle nye reiselivstilbod i Hardanger ved å kombinere eldre fartøy, kulturminne og kulturopplevelinger.

Etter erfaringar frå oppstartsesongen i 2013 har prosjektet lagt ned eit stort arbeid for å utvikle nytt seglingsprogram for 2014. Grunnideen i prosjektet, kombinasjon av kulturopplevelingar og veteranbåtar på fjorden, skal vidareutviklast. Tilboden vert konsentrert i Sørfjorden med fleire avgangar, kortare turar og større integrasjon med reiselivet sin etablerte infrastruktur (overnattning, transport, andre reiselivstilbod). Opplegget skal koplast saman med Agatunet i Ullensvang, Norsk vasskraft- og industristadmuseum i Tyssedal og kulturminne i Odda. Det nye ruteopplegget gjev også eit godt dag 2 tilbod til dei som har gjennomført den 8 timer lange turen til Trolltunga.

Økonomi: Den kulturelle fjorden 2014

		<i>Opphaveleg budsjett</i>		<i>Revidert budsjett</i>	
		<i>Utgifter</i>	<i>Inntekter</i>	<i>Utgifter</i>	<i>Inntekter</i>
Drift og marknadsføring, Sørfjorden		894.000,-		396.000,-	
Prosjektleiing og administrasjon		200.000,-		198.000,-	
Hardangerrådet			100.000,-		100.000,-
Billettsal*			144.000,-		144.000
Hordaland fylkeskommune (RUP/HNH)**			150.000,-	0	-
Innovasjon Noreg (underskotsgaranti)***			500.000,-		-
Riksantikvaren verdiskaping			200.000,-		150.000,-
Hordaland fylkeskommune/fondsmidlar					200.000,-
SUM:		1.094.000,-	1.094.000,-	594.000,-	594.000,-

*Billettinn på kr 100.000 legg til grunn «worst case» scenario. Billettinntekter i fire veker vil tilsvare kr. 428 000 (jf. Hovuddokument med 6 vekers drift = kr. 642 190,-) I 2013 hadde prosjektet kr 152 485,- i billettinntekter.

**Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Søknaden er avslått.

*** Søknad til Innovasjon Noreg om garanti for dekking av underskot på drift 2014 med opp til kr 500.000,- er avslegen.

Prosjektet sine inntekter er usikre og er grunnlag for søknad om underskotsgaranti frå Innovasjon Noreg. Når denne er avslegen er prosjektet sine kostnader reviderte. Det vert lagt til grunn revidert aktivitetsplan med seglingsprogram i fire veker i staden for seks. Med nytt driftskonsept, samarbeid med andre reiselivsaktørar og marknadsføring gjennom Fjord Norge og transportørar, reknar prosjektet likevel med å auke driftsinntektene.

Revidert budsjett etter avslag frå Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune/HNH er å sjå som eit krisebudsjett. Det er likevel av stor tyding å gjennomføre driftssesongen 2014 for å teste ut om det nye driftskonseptet kan vere berekraftig økonomisk. Reiselivsnæringa i Hardanger har høge forventningar til eit slikt tiltak for sesongen 2014.

Prosjektleiinga legg til grunn at det med eit tilskott på kr 200.000,- vil vere mogeleg å gjennomføre drift i sesongen 2014 med justeringar, men i tråd med føresetnadene i prosjektsøknaden til Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Utan slik styrking av økonomien vil prosjekteigaren, Hardanger og Voss museum vurdere å utsetje drift av veteranfartya på Sørfjorden til 2015.

Vurdering:

Bruk av eldre fartøy i reiselivet er kjend fra ei rekke internasjonale døme, om det er i Stockholm sin skjergard eller på dei amerikanske elvane. I Noreg er Skibladner på Mjøsa eller Victoria på Telemarkskanalen mellom dei mest kjende reiselivsdestinasjonane som gjer bruk av eldre fartøy. Det er også gjort forsøk i Hordaland med seglingar av dei gamle fjordabåtane frå Bergen. Dei fleste av desse opplegga er berre knytt til båtturen.

Den kulturelle fjorden er nyskapande i og med at det koplar saman fartøy, kulturminne og kulturopplevingar. Hyppige og korte båtturar med stor fleksibilitet for publikum til å kunne hoppe på og av i kombinasjon med kulturtilbod på land, er ein modell som ein mellom anna har lukkast med i stor skala på Vierwaldstättersee ved Luzern i Sveits (der prosjektet var på studietur i september 2013).

Fartøy og kystkultur er ein viktig del av kulturarven i Hordaland og fylkeskommunen legg vesentlege ressursar ned i vern og vedlikehald av dei fartøya og kulturminna som er del av prosjektet. Det vil vere av stor nytte å utvikle kommersielle reiselivsprodukt tufta på berekraftig bruk av desse ressursane. For at seglingsprogrammet skal kunne gjennomførast i 2014, vert det tilrådd at fylkeskommunen løyver midlar i tråd med revidert budsjett for prosjektet.

Framlegg:

200.000,-

Avsetjing av fondsmidlar til buffer

Innovasjonsaspektet ved verdiskapingsprosjektet som Den kulturelle fjorden, inneber ofte usikre inntekter og risiko. Det er prosjekteigarar – lokale aktørar – det går ut over, dersom noko ikkje går etter planane. Av omsyn til aktørane, kan det difor vere nyttig å setje av midlar som kan tene som buffer mot prosjektrisiko.

Framlegg:

Det setjast av 99.000,- til buffer til bruk for verdiskapingsprosjektet i Hordaland.